

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 4-5

Mai - Juni 1984

38. årgang



Pinsemotiv frå Fedje

HEILAGE ANDE, KOM NED IFRÅ HØGDI
EVIGT MED FADER OG SONEN EIN GUD!
KOM TIL DEI FATIGE HJARTO MED NØGDI
KOM TIL Å PRYDA DEN HIMMELSKE BRUD!
SAMLA TIL JESUS OG VITNE UTSENDA,
BYGGJA GUDS KYRKJA OG LÆRA HANS FOLK,
DET ER DI GJERNING, LAT OSS DEN FÅ KJENNA,
KOM ,DU GUDS KJÆRLEIKES MEKTIGE TOLK !

Komfortabel Pinse?

Komfortabel er eit aktuelt ord i vår tid. Heime i stova, ute på reiser osv. vil me ha det komfortabelt, -det vil seia lettvint, lunt, varmt, triveleg. På engelsk kan komforter tyda ullsjal eller ullcepe!

Men opphavelig tyder komfort med styrke, og ein komforter ein som gjer sterk. Og i fleire engelske bibelomsetjingar vert dette ordet nytta til å omsetja det greske ordet arakletos, som hjå oss oftast er omsett med Talsmann, Den Heilage Ande.

Og pinsen, eller kvitsunnhelgi er Den Heilage Andes høgtid. Men for mange synest innhaldet i denne høgtidi vera nokso "ullent" og vanskeleg å få tak på. Jule- og påskeevangeliet kjenner alle, og og svært mange er glade i desse forteljingane, og tykkjer dei er meiningsfylte og gripande. Men pinseevangeliet er visst meir framandsleg og ugripeleg.

Men i røyndi skulle Kvitsunn-evangeliet, -den glade bodskapen om Den Heilage Ande, Parakleten, so å seia vera "toppen på kransekaka", høgdepunktet i Evangeliet. For det er den glade bodskapen om han som kjem og vil vera med oss i Jesu stad, -eller som ein har sagt- han er Jesus slept laus i verdi! Og han er KOMFORT-ABEL i rette tyding av ordet, -det vil seia at han er dugeleg til å gjera oss sterke!

Og kven har ikkje bruk for å vera sterk? For dei fleste av oss, helst alle, er livet ei hard påkjenning. Sume merkar det jamt, andre kjenner det ved særlege høve. For ein del vert livet so hardt at dei ikkje maktar det, men brotnar eller bognar under presset. Men ingen slepp heilt unna-. Truleg ville berre det å vedgå dette for kvarandre gjera livet

lettare for dei fleste. Mange som syner seg "tøffe", kjenner det som eit press at dei skal vera sterke, og ikkje få lov å vedgå at dei er kjenslevare, og vilje, og redde, ofte.

Men til oss veike og redde kjem altso evangeliet om han som er sterk, og som vil styrkja oss! Parakleten, Talsmannen, Den Heilage Ande, vil hjelpa oss til å maktar livet. Dette gjer han på mange måtar: Han hjelper oss til å tru på Jesus og hans ord. Når me ikkje får til å be, eller be som me skal, er han vår talsmann, den som er tilkalla, ad-vokat, som det greske ordet parakletos og kan tyda. Han vil nytta ordet og dei andre nådemiddel til å gjera oss sterke og glade og frimodige og sterke. Det gjer han ogso, som ein god forsvarsadvokat, ved å hjelpa oss til å sjå vår synd og skuld, og hjelper oss til å få tilgjeving. Då kan me vera frie, glade og sterke menneske.

Men korleis kan vanlege menneske, som ikkje kjenner seg anten "religiøse", eller "ändelege" eller kristelege" få tak i Den Heilage Ande?

Kan henda var det betre å snu på spørsmålet og spørja om korleis Anden skal få tak i meg!

Og då spørst det om me vil gjera det me kan.

Kva kan me då, og kva kan me ikkje? Me kan ikkje få sjølv eller andre til å tru, -ingen kantsvinga seg sjølv eller andre til himmels!

Men den som vil bruka ord og sakrament, høyra ordet heime og i kyrkja og forsamlingar elles, -han og henne kan Anden få tak i, og halda fast, trøysta og styrkja, oppmuntra og gleda, kalla til innsats og kamp i livet, og for LIVET.

KOMFORTABEL PINSE!



Kva kostar ei gravferd?

Det er vel ikkje alle som tykkjer det sømer seg å spørja om kva ei gravferd kostar. Dei meiner kan henda at ein ikkje skal snakka om pengar i slike samanhengar. Men saka er no eingong den at det kostar noko, og det kjem rekningar etterpå som må betalast. Og stundom kjem dei som ei lei overrasking, og vert ei ekstra sut og bør i ei tung nok tid frå før. Difor vil me greia ut litt om kva summar det kan vera spørsmål om.

Elles høyrer det med til sømeleg framferd frå gravferdsbyrå at dei sier greitt frå om kostnadane, og ikkje legg nokoslag press på folk for at dei skal bruka mykje på ei gravferd. Men folk i sorg kan tykkja det er leitt å spara i eit slikt høve, og kan nok lata seg påverka av imøtekomande byråfolk som kjem med framlegg om det eine og det andre, utan å nemna at, og kor mykje, det skal betalast.

Frå folketrygda vert det utbetalt kr. 4000 til kvar gravferd.

Prisane kan vera: Kista med transport kjem på kring 1800-2000 kr. Utstyr og sveip 5-600 kr, namnekross kring 100 kr, sveiping og kisteleg-

ging 50-250 kr, dødsannonse 3-400 kr, songar 300-500 kr (Voss Prenteverk tek ca. 300 kr for 150 songar). Krans kostar frå kr 250 og oppover og bukettar frå kring 50 kr.

Elles kjem pynting i kyrkja gjerne på nokre hundre kr. Båretransport til grava (Dale og Vaksdal) kring 250 kr, og buss kr. 300.

Assistanse i kyrkja, og andre tenester kostar og nokre hundre kr.

Dermed er dei 4000 kr. og meir til brukte. Ofte vert det fleire kransar, og større kransar og dekorasjonar, som kostar meir.

Skal det vera minnestund med servering, kan det koma på to-tre tuse kr og meir, etter servering og storleik.

Utlegga til ei gravferd kan gjerne koma på 6-8-10-12000 kr. For mange er det småpengar, men for andre kan det vera tungt å betala av ymse grunnar. Då kan det vera klokt å ha tenkt over kva ein ser seg råd til. Og me bør alle hugsja, og respektera, at det er ikkje noko mål på kor mykje ein syrgjer kor mykje eller lite gravferda kostar.

(Transportprisane her er slike som kan gjelda Dale-Vaksdal.)

Nyttårsbønn

Herre, vær god
å ta boka di fram,
og eit viskelær, så er du gild.
Og alt som er skreve
av synd og skam:
Å, stryk det, så er du snill.


Å, Herre min Gud,
blad om, blad om,
og stryk ut kvar synd på vår veg.
Så ingen vert skuldig
ein større sum
enn den kan betalast av deg.

For det hende vel titt
i året som for,
det var skreve i boka di inn,
ei syndefull gjerning,
eit sårande ord
som kom frå eit tankelaust sinn.

Det er ikkje anna
vi vil deg i kveld,
men noko vi kvar treng til.
Vi sender vår bøn
imot himmelkvelv:
Bruk viskelæret, så er du snill.

(Innsendt)

Forf. ukjent.



Henrik Straumsheim:

Ro stilt langsmed landet

Ro stilt langsmed landet,
for kvelden er nær,
den ansame dag er til ende.
Du kjem ifrå langferd,
og no er du her,
og strendene tykkjest deg kjende.

No er du på heimferd,
det rodnar i vest,
og byene spaknar mot kvelden,
og tindane låner
ein kvervande rest
av ljuset frå soleglads-elden.

Då skimrar ei stjerne
i drøymande sjø,
så kviskrar ei bære mot stranda
og voggar deg inn
mot ei eldgamal stø
der etter i aldrar har landa.

Ro stilt langsmed landet
med glede i sinn
om skuggane legg seg på fjorden,
sving opp imot støa,
legg årane inn,
og så kan du takke for roren.

Meldingar og opplysningar som skal gjevast ved dødsfall:

Når nokon av dei næraste dør, er det ymse meldingar og opplysningar som skal gjevast av dei pårørande. Dødsfall skal straks meldast til lensmannen ved personleg fram møte, om det ikkje er for store avstandar. Skal gravferdsbyrå melda frå, må dei ha skriftleg fullmakt frå dei pårørande. Når lækjar har vore til stades, skriv han ut fråsegn om dødsfallet, og den skal leverast til lensmannen.

Lensmannen sender melding om dødsfallet til presten på gravferdsstaden når det gjeld med lemer i Den norske kyrkja, eller prest/forstandar i anna trussamfunn. For dei som ikkje høyrer til noko trussamfunn registrer lensmann/sorenskrivar dødsfallet.

Dei pårørande, eller gravferdsbyrået melder frå om dødsfallet og avtalar om tid og stad for gravferda med prest eller forstandar på gravferdsstaden. Presten melder frå til kyrkjevevja om gravferda, og kyrkjevevja syter for gravstad og at grav vert opna. Presten melder frå til organist og andre kyrkjelege tenestemenn.

HANDSAMING AV DØDE.

Når lækjar har skrive dødsattest, kan den døde gravleggjast eller brennast. Elles må det gå 72 timar før kisteloket vert lagt på, og den døde gravlagd. Til vanleg skal gravferd vera innan åtte dagar etter dødsfallet. Kistelegging kan gjerast av dei næraste i heimen, eller andre, som gravferdsbyrå.

Dersom den døde ikkje har lide av smittsam sjukdom, må ikkje kista opnast att utan løyve frå lækjar. Men elles er det høve til å sjå den døde også etter at bårer er innsett i bærehus. Dei som ynskjer det, kan ha båra heime til gravferda, men helst ikkje meir enn tre-fire dagar når ein ikkje har nedkjølte rom.

SPØRSMÅL OM OBDUKSJON.

Ved serlege omstende kring dødsfallet kan styremaktene krevja rettsmedidinsk obduksjon. Men

elles kan dei pårørande nekta at obduksjon vert gjord, eller den døde kan ha sagt frå tidlegare om at det ikkje skal obduserast.

Etter obduksjon skal det ikkje vera synlege merke etter obduksjonen.

BÅREANDAKT.

Dersom dei næraste ynskjer det, kan dei ha bæreandakt i heimen, kyrkja eller andre stader. Då samlast dei næraste, og ofte vener og granar til ei kort minnestund etter eit einfelt ritual. Mange vil gjerne ha ei slik minnestund. Men dei som av ymse grunnar ikkje ynskjer det, må ikkje kjenna seg forplikta til det.

KONTAKT MED PREST/FORSTANDAR.

Den som skal forretta ved ei gravferd, skal vera til hjelp for dei attlevande. Då er det sjølv sagt best med personleg kontakt på førehand. Ved ein samtale kan dei næraste få snakka om si sorg, gje opplysningar som trengst i samband med kransepåleggingar, og bli litt betre kjend med den som skal forretta, om dei ikkje er so godt kjende frå før.

Og for presten er det og godt å få møta dei næraste, bli kjend, og få hjelp til å leva seg inn i situasjonen.

Men dei som ikkje ynskjer personleg kontakt, har sjølv sagt ikkje noko plikt til det.

PÅLEGGING AV KRANSAR, OG MINNEORD

Når ein har sorg, er det ofte vanskelig og tungt å gje ord for det ein kjenner. På hi sida er det ei viktig sida ved sorgarbeidet å få "setja ord på kjenslene sine" som det heiter. Det er litt ulike syn på kransepålegging, men brukt på ein god måte, med ærlege og truverdige ord, er det oftast meningsfylt og med og gjer gravferdshøgtida rikare og meir meningsfylt.

Kva som skal seiast er det og spørsmål om. Ofte vert det ikkje sagt noko om slikt som kan ha vore vanskelig og vondt, -endå om det og kan vera ålment kjent. Det spørst om det ikkje burde vera meir open tale, for at gravferder skal kjennast reinslege og ærlege, og gje best mogleg hjelp i sorgarbeidet.

50-års konfirmantar i Vaksdal og Bruvik

KONFIRMANTAR VAKSDAL 23.9.1934. KONFIRMANTAR I BRUVIK 30.9.

Berger Johan Fosmark
 Bjarne Oskar Magnussen
 Egil Hermann Jacobsen
 Emanuel Oliver Rødberg
 Ivar Stürtzel
 Knut Albert Ulevik
 Nils Didrik Boge
 Nils Hagen
 Ole Berge
 Otto Osvald Magnussen
 Alma Elida Ellingsen
 Andry Pettersen
 Barbro Hisdal
 Bergit Marie Boge
 Brynhild Hanevik
 Else Thomassen
 Gina Marie Krogsrud
 Ingeborg Konstanse
 Eriksen

Inger Langhelle
 Inger Nipen
 Johanna Mathilde
 Løtvedt
 Magnhild Nelly Lokøen
 Margit Knudsen
 Maria Audestad
 Maria Alvhilde
 Magnussen
 Nansy Jacobsen

Anton Bertin Høilo 1934.
 Arthur P. Bruvik
 Bjarne Vik
 Georg Martin Hilland
 Håkon Johan Kalland
 Ingolf Løtveit
 Johan Høilund Olsen
 Karl Martin Ross
 Mikal Vaksdal
 Otto Malvin Helgø
 Sigvald Seilen
 Søren Hekland
 Ågot Høilund Olsen
 Alvhild Hilma Målfrid Stokk
 Margit Stavenes
 Margit Vedå
 Ingeborg Katinka Bruvik
 Johanna N. Olsnes
 Judith Kaland
 Magnhild Alvhilda Langhelle



KONFIRMANTANE I NESHEIM
 KYRKJA.

Konfirmantane på Vaksdal



Konfirmantane på Stammes



inne i kyrkja



og utanfor.


Konfirmantane på Dale (Foto: Vaksdalnytt)



Søndagshilsen Modum



Modum Bads Nervesanatorium
og Institutt for Sjelesorg



7. august 1983
26. årgang nr. 29

Vold i ekteskapet

I juni hvert år arrangeres det et seminar i familierådgivning på Modum Bad. Disse seminarer er et samarbeidsprosjekt mellom Kirkens Familierådgivning i Norge og Modum Bads Nervesanatorium. Også i år har det vært arrangert et slikt seminar. Det var i alt ca. 80 familierådgivere som var her i 3 dager, og som var sammen med personalet fra Nervesanatoriet, under temaet "Vold i ekteskapet".

Hustrumishandling er dessverre et mer aktuelt tema enn vi er klar over. Det har vært skrevet en del i massemedia om det i de senere år. Det vi hører om, er antakeligvis bare toppen av et isfjell. Det som er synlig av isfjellet er lite i forhold til den langt større usynlige del som er under vannet. Slik også med kvinnemishandling. Det vi hører om og møter av konkrete eksempler, er lite i forhold til hvor stort omfanget egentlig er.

Mange tenker seg at dette er et problem som kun fins i helt spesielle familier, gjerne folk fra det lavere sosiale lag, og med lav utdannelse. Dette er imidlertid feil. Kvinnemishandling forekommer også i de høyere sosiale lag, i høyt utdannede familier, og også hos mennesker med de forskjelligste politiske oppfatninger og livssyn. Kvinnemishandling er ikke noe som kristne hjem er spart for. Det fins også atskillige eksempler på at det også forekommer i ekteskap med kristen bakgrunn.

Sannsynligvis fins det alle grader av mishandling. I mange ekteskap har det nok hendt at mannen har slått til kvinnen en enkelt eller noen få ganger. Man taler om mishandling der hvor det dreier seg om systematiske, fysiske overgrep, og dette synes å kunne ta alle former, og gi seg de mest uhyggelige utslag.

Mishandling i ekteskapet er neppe noe nytt fenomen. Det har sannsynligvis eksistert til alle tider. Det er i dag blitt mer åpenhet om dette problem, slik at vi nå er mer klar over det. Kvinnemishandling har nok vært preget av mange tabuforestillinger. Det

fins eksempler på kvinner som har vært systematisk mishandlet, men som likevel ikke har våget å si det til noen. Dette er ikke minst av frykt for konsekvenser dersom mannen får vite om det, og det kan være ønske om å spare ektefellen.

Opprettelsen av krisesentrene i våre største byer har nok vært med å avdekke problemene, og gjort at flere kvinner har stått frem og våget å søke hjelp. Ved våre familierådgivningskontorer er det relativt få som kommer og søker hjelp. Dette kan komme av at kontorene ikke har vært åpne nok for problemet, og at man her har vært opptatt av å hjelpe familien som helhet.

Fra et etisk synspunkt er alt som heter fysisk overgrep forkastelig. Å slå er ikke bare en dårlig måte å løse problemer på. Det er også uakseptabelt, og den som har vært utsatt for dette, har god grunn til å kjenne seg såret og krenket. Under ingen omstendighet kan fysisk vold aksepteres som et middel i ekteskapet. Uansett om intensjonen er aldri så god, kan man ikke bruke dette som vei til å nå frem i en sak eller konflikt.

Fra psykologisk hold kan vi prøve å gjøre oss opp en mening om hva som kan ligge til grunn for at menn går til fysisk overgrep mot kvinner. Man har begynt å forske på dette feltet for å finne frem til mulige forklaringer. Selv om det er oppstilt en rekke teorier, er det fortsatt langt fra enighet om hva som ligger til grunn. Sannsynligvis kan det være ulike årsaker til kvinnemishandling.

Det er naturlig å tenke seg at den mann som går løs på sin hustru, er en hjelpeløs person. Å slå er et tegn på indre svakhet. Bak den aggressive atferd skjuler det seg et menneske med problemer, som ikke kan løse disse på vanlig måte. Men for å forstå fenomenene er det i mange tilfeller ikke nok bare å rette oppmerksomheten på mannen. Vi som arbeider med familierådgivning er opptatt av det samspillsfenomen som kan finne sted. At vi også er opptatt av mønstre i ekteskapet, betyr ikke at vi dermed mener at mishandlingen er akseptabel. Men kvinnen kan provosere frem mannens aggressive handling. Det kan tenkes mange måter dette kan

skje på. I noen tilfeller er det kanskje ikke annet enn det at hun er den sterkeste som er provokasjonen. At hun er ham overlegen, kan være det som får ham til å slå.

Det fins naturligvis andre former for vold enn den fysiske. En kvinne fortalte følgende: "Mannen min har slått meg flere ganger, og det følte seg selv sagt uhyre krenkende. Men hans kritiske og avvisende kommentarer til meg er verre. Han får meg til å føle meg som en dritt, og denne systematiske såring er det verste av alt. Den psykiske terror jeg utsettes for, er verre enn den fysiske."

Ektefeller i konflikt kan også utsette hverandre for psykisk terror. Det gjelder fra begge parters side.

Hvor det dreier seg om systematisk mishandling, er det uhyre vesentlig å ta kvinnen alvorlig. Det er det våre krisesentre gjør, og det arbeid som er nedlagt i disse sentre på frivillig basis, har vært av stor betydning. Kvinner som henvender seg her, får følelsen av å møte forståelse. Krisesentrene fokuserer spesielt på kvinnens situasjon, og er mindre opptatt av å møte mannen, og evt. hjelpe dem sammen.

I en del tilfeller er situasjonen nok kommet så langt, at kvinnen må få hjelp til å komme bort fra mannen, for at hun skal kunne ta vare på sin egen helse. En del av de menn som er mishandlere, er neppe i stand til å forandre seg selv, eller ikke motivert for dette. Der hvor de systematisk mishandler sine hustruer, kan ikke dette fortsette.

Man kan i slike tilfeller spørre: Hvorfor kan ikke kvinnen bare gå fra mannen? Men det viser seg å ikke være like lett, ettersom mannen kan gi represalier. Vi husker alle en rettssak for en tid tilbake da kvinnen ble frikjent etter å ha tatt livet av sin mann. Dommen vakte sterk diskusjon, og sikkert med rette. Men tilfellet illustrerte hvor vanskelig det var for en kvinne som var blitt mishandlet, å komme fri fra sin mishandlermann. Til slutt tar hun livet av ham, og får rettens frikjennelse for dette.

Det fins nok av eksempler på kvinner som i den grad er blitt mishandlet, at de trenger hjelp til å komme bort fra mannen, og altså ut av ekteskapet. Men der hvor dette ikke er kommet for langt, er det viktig å også prøve å hjelpe mannen, og arbeide med det samspillsfenomen som kan være til stede. Ekteskapskonflikten kan søkes bearbeidet, og de to kan få hjelp til å fungere bedre sammen. Det er

ikke alltid at kvinnen ønsker seg bort fra mannen, og at barna vil at far skal forlate

hjemmet. I slike tilfeller er det viktig at familien som helhet får hjelp.

Noen steder har det vært etablert et samarbeid mellom krisesentrene og våre familierådgivningskontorer. Hittil har kontakten mellom disse institusjoner vært mangelfull, og ofte preget av motsetninger. I akutte tilfeller hvor en kvinne er blitt utsatt for mishandling, synes det som om krisesentrene kan gi den beste hjelp. Det arbeid som utføres, skjer på kvinnens premisser, og det synes som hun i denne situasjonen trenger spesiell individuell omsorg. Men på sikt trenger også ektefellene og familien hjelp, og bør trekkes inn i bildet. Her har våre familierådgivningskontorer lang erfaring, og familierterapien tar sikte på å hjelpe alle, hver på sin plass.

Følgende hendelser kan kanskje være betegnende: To menn kom i slåsskamp på gaten i en større by. De forbigående stoppet opp, og etter en stund var det noen som gikk i mellom og fikk skilt de stridende. En annen gang var det en mann som slo løs på barnet sitt, og det gikk ikke lenge før en av de forbigående fikk grepet inn, og forhindret at han øvet vold mot sin sønn. Så skjedde det at en mann begynte å slå sin hustru midt på gaten. En rekke mennesker spaserte forbi, uten at det var en eneste som grep inn og forhindret mannen fra å slå. Han fikk stå der og denge løs på sin hustru, uten at det var en eneste som reagerte! Folk tenkte tydeligvis at dette angikk privatlivets sfære. Og ved at ingen grep inn, viste de at de godtok at mannen gikk løs på sin hustru på denne måten.


Eksempelene kan vise noe om samfunnets holdning til kvinnen. Det er nok fortsatt mye som mangler på at kvinner blir respektert og verdsatt i vårt samfunn.

Dette gjelder også innen Kirken. Kirken må arbeide med sin holdning til kvinnen. Det er gledelig at det er nedsatt et eget utvalg for å utrede dette problem, og hva kirken kan gjøre for å forebygge og forhindre kvinnemishandling. Kristne ektepar og familier er ikke spart for disse problemer. Vi trenger alle å ta disse spørsmål inn over oss, og revurdere våre holdninger. Vold i ekteskapet er et problem som må tas ytterst alvorlig, og som gir grunn til å gjennomtenke mange grunnleggende spørsmål.

Atle Roness

Søndagshilsen sendes ut hver uke og koster kr.100.-pr. år.
Ansvarlig redaktør: Adm. overlege Atle Roness.
Postgiro 5 47 27 90
Bankgiro 2270.05.7226-2

Nyoppussa kyrkje på Nesheim



Kyrkja på Nesheim har fått ny utsjånad innvendig, etter restaurering no i vintermånadane. Kyrkja var som kjend 75 år i fjor haust og det var midler i form av gåver ved jubileet som vart nytta til oppussinga. Vegger

og golv er vorte avluta for maling slik at det fine treverket no kjem til sin rett. Kyrkja har stått ubrukt medan arbeidet har gått føre seg. Gudstenestene har då vore på Bergo skule.



Sundagskuleborna syng.

Palmesundag vart den nyoppussa kyrkja teken ibruk att. Kyrkja var då så fullsett som ho kan vera med lokalbefolkning, påsketuristar, og leirdeltakarar frå Fagertun leirsenter. Her var og mykje program utanom den vanlege guds-

tenesteordninga. Det var solo-song av Eli Nesheim, korsong av born frå sundagskulen i Eksingedalen, helsing frå Fagertun, utdeling av kyrkjebøker til borna i 1-3. klasse og innlevering av fastebørsene til "Kirkens Nødhjelp".



Utlevering av kyrkjebøker til 1-3. klassingane.



Offring og innlevering av fastebørsene.

Gudstenesta vart forretta av sokneprest Steinnes, som tala om påskebodskapen. Han bruka fine teikningar for å forklara bodskapen, slik at sjölv dei minste følgde med.

Den nyoppussa kyrkja vart altså teken ibruk med fullsett kyrkje og ei fin gudsteneste, og folk sette pris på den fine ansiktsløftinga som kyrkja hadde fått. Ho har vorte som ei ny kyrkje.

Fotogruppa ved Eksingedalen skule.



Sokneprest Steinnes talar.

NORDVIKSÆTERSTEMNA 1983



Nordviksætera i fint solskin.

NORDVIKSÆTERSTEMNA - 80 ÅR.

Vel møtt me helsar kvarandre i dag, -
og tankane våre attende går
til dei som første gongen kom her i lag,
når me no skal feira 80 år.

Den 25. juni i 1903 det var
at nokre frå Langhelle og Samnong kom her til.
Det er fortalt meg at såleis til det bar.
Dei sa: «Kvart år til stemne her me samlast vil»

Frå Langhelle, Vaksdal og Samnong kom dei
vegane lange, bratte og tunge.
Alle stemnde dei den same lei.
Til Stemna kom både gamle og unge.

Her på sætrabakken møttest dei att
og helsa kvarandre i handa.
Såleis dei bygdene saman batt,
og enno so varar venskapsbanda.

To namn i dag eg nemna vil:
Anders Vaksdal og Hans Nordvik det er.
Dei mange av oss her hugsar til, -
minna om dei me i hugen ber.

Han Anders tala Guds ord for alle
og minna om frelsa i Jesus Krist,
bad oss fylgja Guds bod og kallet
og vinna lukka og æve-liv for visst.

Her på Nordviksæter-bakken
på tuver og steinar folket sat.
Her lydde lovsongen og takken.
Her fekk me åndeleg føda og mat.

Eit hus Hans tok til å byggja,
og det står her no i dag.
I regnver me inne oss hyggja
når til stemne me samlast i lag.

Når me i dag er samla her på ny
også ein glytt av sol me får.
Ja, himmelen er mest utan sky.
Me ynskjer kvarandre til lukka med 80 år.

Må Heilag-Anden sin gjerning få gjera
og opna hjartedøra for oss alle,
så dagen må verta oss til gagn, Gud til æra.
Må Jesus då få stiga inn når me høyrer kallet!

8. JULI YNSKJER ME VEL MØTT TIL NY FITJAVASS-
STEMNA, ELLER NORDVIKSÆTERSTEMNA, SOM DEI SEER
I SAMNANGER. ME TEK MED PROLOGEN TIL SOLVEIG
RØEN TIL 80ÅRSJUBILEET, OG VONAR PÅ EI ENDA
STØRRE SAMLING I ÅR. Sjå nærare kunngjering i
Vaksdalnytt.

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE



DALE

- 22.04. Katrine Hesjedal
" Kristin Rønhovde Anersen
" Kristine Hesjedal
" Hanna Stokkevåg Aadland
(Selje kyrkje)
29.04. Karoline Vik Hegge
(Lade kyrkje)
06.05. Daniel Verpelstad

STAMNES

- 15.04. Christian Hårvik

EIDSLAND

- 13.05. Anders Nordheim

VAKSDAL

- 8.4. John Trygve Thom Helle.
20.5. Jeanette Skage.

Vigde



DALE

- 14.04. Eidrun Straume og
Arne Normann
15.05. Siv Langhelle og
Magne Terjesen
12.05. Mai Britt Enger og
Arild Djukastein
(Arna kyrkje)

VAKSDAL

- 10.3. Jorunn Norene Jakobsen
og Øistein Njåstad
(Johanneskirken)
14.4. May Irene Farestveit og
Arnstein Langhelle.
2.6. Torill Jacobsen og
Aksel Erstad.

AVLIDNE

STAMNES

- 20.04. Ingolf Mellesdal f.1899
07.05. Raji Strating Moen f.1978
" Malina Strating Moen f.1980
" Ruben Strating Moen f.1981
" Leon Strating Moen f.1982

DALE

- 31.03. Anna Konstane Rødland
f.1901
21.04. Arnfinn Johan Fotland
f.1914
04.05. Karl Johan Karstensen
f.1909
14.05. Roger Takvam f.1951
15.05. Kjell Mehus f.1934

VAKSDAL

- 31.3. Berit Nilsen, f.1923.
16.4. Jenny Boge, f.1899
2.5. Margit Boge f.1896.
5.5. Kari Anna Fossdal, f.1885.
9.5. Borghild Tørrissen, f.1908.



VELKOMEN TIL KYRKJE

juni

03. 6.s.etter påske
 DALE kl.11.00 sang og musikkguds
 v/Sønnesyn
 EIDSLAND kl.11.00. Sp.Steinnes,
 nattverd.
 VAKSDAL KL.18.00. Rk.Sønnesyn
10. Pinsedag
 DALE kl.11.00. Sp.Steinnes,
 nattv.Offer til Santalmisj.
 kyrkjeskyss.
 STAMNES kl.11.00.Rk.Sønnesyn,
 nattv. Offer til Bjørgvin
 Bispedømer. og stiftsenter
 kyrkjeskyss,
 MD KYRKJE kl.11.00. Fellesgudst.
 med Vaksdal,Olav Farestveit.
11. 2.Pinsedag
 STANGHELLE kl.19.00. rk.Sønnesyn
 VAKSDAL kl.11.00. Rk.Sønnesyn
 nattv. offer til Bjørgvin bispe-
 dømeråd og stiftsenter.
 EKSINGEDALEN kl.11.00.Sp.Steinne
 nattv.Offer til Redd Barna
 kyrkjeskyss.
17. Treeiningssundag
 BERGSDALEN kl.11.00. Sp.Steinnes

24. 2.sundag etter pinse
 NESHEIM kl.11.30 Festgudst.
 v/rk.Farestveit og rk.Sønnesyn
 song av Evanger kyrkjekor og
 Eksingedalen blandakor, Evanger

juli

01. 3.sundag etter pinse
 DALE kl.11.00.rk.Sønnesyn
 VAKSDAL kl.18.00.rk.Sønnesyn
08. 4.sundag etter pinse
 Fitjavatnstemnav/rk.Sønnesyn
15. EIDSLAND kl.11.00.rk.Sønnesyn
STAMNES kl.18.00. rk.Sønnesyn
22. 6.sundag etter pinse
 DALE kl.11.00. sp.Steinnes
 EKSINGEDALEN kl.16.00.sp.Stei-
 nes.
29. 7.sundag etter pinse
 VAKSDAL kl.11.00 sp.Steinnes
 BERGSDALEN kl.16.00.sp.Steinnes
- august
05. 8.sundag etter pinse
 STAMNES kl.11.00. sp.Steinnes
12. 9. sundag etter pinse
 BERGSDALSSTEMNA
19. 10.sundag etter pinse
 DALE kl.11.00 rk.Sønnesyn
 NESHEIM kl.11.30.sp.Steinnes

kyrkjelyd vert med,Etter gudst.
 kyrkjekaffi på Bergo skule.Mar-
 kering av nyrestaurert kyrkje.

Kyrkjeblad for Vaksdal prestegjeld

Bladstyrarar: Per Einar Sønnesyn (ansv.) og Magne O. Steinnes. Medarbeidarar: Skrivarane i sokneråda. Kassarar:
 Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik. Postgiro 5 72 34 73. bankgiro 3500.50.13117. Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 30,00 (eller meir) for året.

Ekspedisjon og trykk og retur til: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. (055) 55045.